



Jostein Ådlandsvik  
Grønhaugvegen 44  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2761 - 17/23338

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
21.11.2017

## Løyve til arealoverføring frå gbnr 49/14 til gbnr 49/113

**Administrativt vedtak. Saknr: 313/2017**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført motteke 30.10.2017 har Jostein Ådlandsvik (tiltakshavar og eigar av gbnr 49/14 og gbnr 49/113) søkt om arealoverføring mellom gbnr 49/14 (spreidd bustad) og gbnr 49/113 (spreidd bustad) på lo i Meland kommune. Bakgrunnen for søknaden er å retta opp i eigedomsforhold på eigedomane.

Omsøkt areal er på om lag 200 m<sup>2</sup>, arealet ligg «inneklemt» mellom to bebygde bustadeigedomar, gbnr 49/113 og 49/154 som begge ligg innanfor SB\_11, spreidd bustad i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Jostein Ådlandsvik eig begge eigedomane og garasje som vert nytta av gbnr 49/113 står delvis oppført på gbnr 49/113 og delvis på 49/14. Overføringa vil retta opp i eigedomsforholda og skal leggjast til bustadeigedommen, gbnr 49/113 som i dag også nyttar dette arealet. Overføringa er til uendra bruk.



Blå skravur viser omsøkt areal, som skal leggjast til gbnr 49/113.

#### Nabovarsling:

Søknaden blei nabovarsla 23.10.2017, jf. pbl. § 21-3. Det er ikkje merknader frå naboar til søknaden.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## VURDERING:

### Plan- og lovgrunnlag:

Både gbnr 49/113 og gbnr 49/14 ligg i KPA som SB\_11 spreidd bustad. I KPA føresegn 3.2.1 kulepunkt fire opnar det opp for at «*Arealoverføring eller tilleggsareal opptil 200 m2 (samla) etter pbl. § 20-1 m*» kan tillatast i tråd med eksisterande bruk, jf. pbl. § 11-11 nr 2.

Tiltaket er i tråd med arealformålet og føresegnene i kommuneplanen.

### Vurdering av vilkåra for deling/arealoverføring, jf. pbl. § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl. § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf. 20-1, 3. ledd, siste punktum. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl. §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve).

Arealoverføringa inneber heller ikkje at eigedomane blir endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellane blir ueigna ved framtidig utnytting, jf. pbl. § 26-1.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og den blir godkjent som omsøkt, jf. vedlagt situasjonsplan journalført motteke 30.10.2017. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

## VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav m løyve til arealoverføring som omsøkt på omlag 200 m<sup>2</sup> frå eigedomen gbnr. 49/14 til eigedomen gbnr. 49/113 på lo i Meland kommune i samsvar med søknad journalført motteke 30.10.2017, og som vist på vedlagt situasjonskart. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samsband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl. § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

Arealoverføring - Tilleggsareal frå GBNR 49/14 til GBNR 49/113

**Mottakarar:**

Jostein Ådlandsvik

Grønhaugvegen 44 5917

ROSSLAND